



Styre, råd og utval Ålhus sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter	Møtedato 02.01.2023
Arkiv nr.	Møtestart 19.00	Møteslutt 21.45

Til stades på møtet:

Irene Muren Knapstad, Reidun Gravdal Nedrebø, Merete Helgheim, Aud Anny Solheimsnes, Ellinor Østenstad, Arvid Tveit, Nina Årset Solheim, Silje Sørebo

Saker: 01 – 10 /23

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

Opning v/ Irene. Dikt : Kulde

Sak 01/23 Godkjenning av innkalling
Innkallinga godkjend utan merknad

Sak 02/23 Godkjenning av referat 22.11.22
Referatet godkjend utan merknad.

Sak 03/23 Årsmelding 2022
Gjennomgang av årsmelding. Irene les gjennom og sender ut på e-post når det er ferdig. Om nokon ser feil så melder ein ifrå.

Sak 04/23 Rekneskap
Ikkje klart og blir utsett

Sak 05/23 Budsjett

Soknerådet stiller spm om kva som ligg i dei ulike postane. Ber om at Trond kjem på eit møte og forklarar kva som ligg i budsjettframlegg. Spesielt på 36100 betaling frå deltakarar, på 31204 tilstellingar. Kvar ligg pengane til Opplysningsvesenets fond til kulturarrangement? Kan det synleggjerast kva heile tildeling er, kva går til trus opplæring og kor mykje av det blir brukt til løn.

Sak 06/23 Forslag til kandidatar til bispedømmerådet
Har ingen forslag

Sak 07/23 Forslag til kandidatar til sokneråd
Soknerådet har forslag til kandidatar. Nomisjonskomite v/Ellinor har fått navneforslag



Sak 08/23 Val av biskop i Bjørgvin

Forslag frå Ålhus sokneråd:

1. Ragnhild Jepsen
2. Stephanie Dietrich
3. Sunniva Gylver

Sak 9/23 Informasjon/meldingar

- Vi har fått på plass 3 i nominasjonskomiteen. Dei som har sagt seg villige er Judit Kapstad, Grete Skår Sunde, Ellinor Østenstad. Forsøker å få inn ein mann. Irene melder på til kurs.
- Ingrid Søyland går inn i bladstyret i Hyrdingrøysta, erstattar Bjørg Dvergsdal.

Sak 10/23 Saker som kjem til

Tildeling av offer til DNT edru livsstil.

Vedtak: Det blir delt offer. Silje gjev dei informasjon.